Denne oppgåva er henta frå SALTO

FØR DU LES:
Bruk *superblikket*. Kva slags type tekst er dette?

3. mars – kl. 17.00 – 12-årsgrense – 1 t 55 min

SLANGEPRINSESSA
I denne nervepirrande spenningsfilmen må prinsesse Anna Konda forsvare folket sitt mot truslar utanfrå. Korleis skal ho og pyton-slangane hennar klare å kjempe mot den vonde keisarinna Sally Mander og firfislefolket?

15. april – kl. 12.00 – tillaten for alle – 1 t 15 min

KLIN KOKOS 2
Dei radioaktive kokosnøttene er tilbake! Og denne gongen har dei bestemt seg for å bli filmstjerner i Hollywood! Dette er ein ellevill komedie for heile familien.



15. april – kl. 17.00 – 12-årsgrense – 1 t 45 min

UBEDNE GJESTER
Det er ein elles vanleg og fredeleg dag på jorda da eit merkeleg fartøy landar på eit jorde i Telemark. Ingen inviterte dei, men dei kom likevel: Marsbuarane er her!

29. mai – kl. 14.00 – 7-årsgrense – 1 t 20 min

BLÅTT BLOD
Dei snobbete medlemmene i vampyrforeininga Blodklubben bestemmer seg for at dei er for fine til å drikke vanleg blod; frå no av vil dei berre ha blått blod. Men det skal vise seg at det å kidnappe kongar og dronningar byr på fleire problem enn Blodklubben såg for seg.

20. august – kl. 16.00 – 7-årsgrense – 1 t 30 min

ELSKAR, ELSKAR IKKJE
14 år gamle Ninni hadde alt: Dei beste karakterane, det finaste håret – og den kjekkaste kjærasten. Men så kom sommarferien som skulle snu opp ned på alt.

17. september – kl. 13.00 – 4-årsgrense – 1 t

SNØKVIT OG DEI SJU DVERGANE
«Spegel, spegel på veggen der, kven er vakrast i landet her?» Snøkvit og dei sju dvergane frå 1937 var den første teiknefilmen Disney laga som langfilm med fargar og lyd. Historia er basert på folkeeventyret til brørne Grimm om den vakre Snøkvit og den vonde stemora hennar.

Leiteles i kinoprogrammet og svar på oppgåvene.

a Kva for ein av filmane i programmet har høgast aldersgrense? _____

_____

b Ein av filmane er ikkje animert. Kva for ein? _____

c Kva for ein av filmane er ein oppfølgar? _____

_____

d Kva filmar kan du sjå den 15. april? _____

_____

e Kva filmar passar best for ein femåring? _____

_____

f Når på året går handlinga i *Elskar, elskar ikkje* føre seg? _____

_____

g Når begynner *Blått blod*? _____

h Kva for ein av filmane varer lengst? _____

_____

i Kva film handlar om romvesen? _____

_____

j Kva handlar *Slangeprinsessa* om? _____

_____

k Kva for ein av filmane er basert på eit folkeeventyr? _____

_____

l Ein av filmane har handling frå Telemark. Kva skjer der? _____

_____

m I kva film møter du Ninni, og kva får du vite om henne? _____

_____